




KLIMA & MILJØ

HELSE

ARBEID

SKULE

KULTUR & FRITID

VERDEN

Klima og miljø

- Senterpartiet meiner at vi må ha klimakutt med stor effekt som ikkje aukar forskjellane mellom folk.
- Senterpartiet vil at Noreg skal gå fremst i kampen mot dårlig klima.
- Senterpartiet vil skape nye jobbar som hjelper oss å kutte klimautslepp.


Klima og miljø

- Vi må kutte utsleppa, slik at dei som kjem etter oss, også har ei god jord å leve på.
- Vi må ta vare på miljøet og passe på plantene og dyra vi har. Spesielt dei artane som er utryddingstrua


Klima og miljø

- ★ Slutte å leite etter meir olje og gass**
- Gjere det dyrare å forureine og billegare å velje grønt
 - Beskytte utryddingstrua artar i norsk natur, som ulv og gaupe.


Klima og miljø

- Ikkje leite etter meir olje. Om vi skal klare å gjere noko med klimautsleppa, må vi slutte å leite etter olje.
- ★ Ta vare på naturen. Vi vil ha ein natur for alle, både menneske og dyr. Då må vi ta vare på naturen vår.**
- Buss som går. Vi vil at alle skal komme seg dit dei vil. Vi vil ha betre kollektivtrafikk, som buss, tog og ferje.


Klima og miljø

- ★ Vi må passe godt på klima og miljø, vere forsiktig med kor mykje vi forureinar og bruker av naturen.**
- Det må lønne seg å velje klimavennleg, derfor vil vi ha klimalønn der klimaavgifta blir delt likt på alle.
 - Vi vil samarbeide om å finne luke løysningar for å få fort slutt på oljeutvinning på ein trygg måte.


Klima og miljø

- Vi vil gjere det enklare og billegare å gjere val som er bra for miljøet.
- Finne opp teknologi og løysingar som gjer at vi kan få mindre klimagassutslepp og skape nye jobbar i Noreg.

Jobbe for at mindre søppel og plast hamnar i naturen og havet, og rydde opp meir av plasten som allereie er i havet.


Klima og miljø

- Raudt vil effektivisere norsk vasskraft for å byggje ut grøn industri. Vi vil trappe ned olje- og gassindustrien.
- ★ Raudt vil at dei som forbruker mest, [komma mangla] skal betale mest, slik at alle kan leve meir miljøvennleg.**
- Raudt vil ta vare på verdifull nedbygging av natur og vil ha nasjonale verneplanar for naturen.


Arbeiderpartiet

- ★ Kutte 55 prosent av dei norske klimagassutsleppa innan 2030. Eit klimabudsjettpunkt skal vise korleis vi skal nå målet.**
- Skape fleire jobbar i klimavennlege næringer. Industrien og nye grøne næringer skal vise veg.
 - Gjere det lettare å gjere klimavennlege val. Det skal bli enklare å reise kollektivt og leve meir berekraftig.


Klima og miljø

- Vi vil arbeide for reinare hav med mindre plast, og hjelpe fattige land med å samle plast før det hamnar i havet.
- Vi vil halde fram med å selje norsk olje og gass, slik at andre land kan legge ned kolkraftverk.
- Vi vil sikre at dei som forureinar, også må betale for å få rydda opp etter seg.




KLIMA & MILJØ



HELSE




ARBEID



SKULE



KULTUR & FRITID



VERDEN



Helse

★ **Senterpartiet vil at vi skal ha både små og store sjukehus rundt omkring i heile Noreg.**

- Psykisk helse er veldig viktig for oss, alle skal få riktig hjelp hvis dei treng det.
- Vi vil at dei som er sjuke, skal få rask og god hjelp uansett kvar dei bur.



Helse

- Det skal alltid vere helsesjukepleiarar på skulane, som har tid til å snakke med elevane som treng det.
- Alle som treng nokon å snakke med, skal få det. Vi må ha fleire psykologar som kan vere der når ein treng det.
- Noreg skal halde fram med å ha eit av dei beste helsesystema i verda, gode sjukehus og profesjonelle legar.



Helse

VENSTRE

- Det må bli gratis å gå til legen heilt til du er 18 år, altså to år lenger enn det er i dag.
- Bruke meir pengar på psykisk helse og ha fleire tilbod for ungdom.
- Få minst 500 fleire helsesjukepleiarar, slik at elevar får god og tidleg hjelp når dei treng det.



Helse

★ **Vi vil gjøre det billegare å gå til tannlegen for alle, slik at alle torer å smile.**

- Vi vil at menneske som er pysiske sjuke, [Komma mangla] skal få betre hjelp, slik at dei får det bra.
- Vi vil ha betre skulehelseteneste på alle skular, så alle har ein helsesjukepleiar tilgjengeleg.



Helse

- Vi må ta vare på dei som er rusavhengige, og støtte rusreforma. Sjuke menneske skal ha hjelp, ikkje straff.

★ **Bilar gir luftforureining og skummel skuleveg. Sykkelvegar må byggjast, og bilane må køyre mykje saktare forbi skulane!**

- Dei som er psykisk sjuke, [Komma mangla] må lett og raskt få hjelp.



Helse

★ **Du og foreldra dine skal få velje kva slags hjelp du skal få, og kvar du skal få ho, utan at det kostar meir pengar.**

- Gjøre meir for barn og gi raskare hjelp til barn og unge som slit med vonde kjensler og tankar.
- Bruke ledige plassar hos private legar og sjukehus slik at fleire får hjelp og færre må vente lenge på behandling.



Helse

- Raudt vil behalde og styrke lokal-sjukehus og lokale fødeavdelingar over heile landet.

★ **Raudt vil at tannlegebehandling skal vere gratis, fordi tennene også er ein del av kroppen.**

Raudt vil at helsevesenet skal vere offentleg, og vil ikkje ha kommersielle aktørar i velferdstenester.



Arbeiderpartiet

Helse

- Hjelp som er der når du treng det, uansett kvar du bur, eller kor mykje pengar du har.

- Vi treng eit krafttak for psykisk helsehjelp - tidleg innsats, kort veg til hjelp og sterkare ettervern.

- Gi meir pengar til sjuehusa, og satse på sterke lokalsjukehus i heile landet. Det skaper tryggleik for alle.






Helse

- Vi vil at alle sjukehus, både offentlege og private, skal brukast, slik at folk kan få raskare behandling enn i dag.

★ **Vi vil at det skal lagast medisinar og vaksinar i Noreg, slik at vi får dette raskt dersom det kjem ein ny pandemi.**

Vi vil ha sjukehus i nærlieken av der folk bur, i tilfelle det skjer ei ulykke, eller om ein skal få barn.


KLIMA & MILJØ

HELSE

ARBEID

SKULE

KULTUR & FRITID

VERDEN

Arbeid

- Senterpartiet vil at flest mogleg skal ha ein trygg jobb å gå til kvar dag.
- Vi vil bruke den unike naturen vår til å skape norske jobbar og verdiar.
- Senterpartiet ønskjer at du skal kunne bli kva du vil.


Arbeid

- Alle som kan, skal jobbe. Å ha ein jobb når ein er vaksen, er viktig, fordi det gir fellesskap og inkludering.
- Menneske med funksjonsnedsætjingar eller andre utfordringar må få tilrettelagde arbeidsplassar.
- Vi må ha mange ulike arbeidsplassar, slik at alle kan jobbe med det dei ønskjer.


Arbeid

- Gi dei som lagar sin eigen jobb, lik rett til sjukepengar og pensjon. No får dei mindre enn folk som jobbar for andre.
 - Nye jobbar skal ikkje forureine, men helst hjelpe oss til å kutte klimagassutslepp.
- Ta bort unødvendige reglar for dei små bedriftene.


Arbeid

- SV vil at kvinner og menn skal få lik lønn for likt arbeid. Slik er det ikkje i dag.
- Vi vil at alle som vil, skal ha høve til å ha ei heil og fast stilling.
- Vi vil at dei som jobbar i ei bedrift, skal få vere med og bestemme over arbeidsplassen sin.


Arbeid

- Vi vil at alle, uansett, skal kunne delta i samfunnet, jobbe og gjere frivillige aktivitetar på lik linje.
- Vi vil at alle skal ha tid til andre ting enn jobb. Foreldre med barn under 12 skal få ei ekstra ferieveke.
- Det skal vere enkelt å få fast jobb og ikkje vere berre vikar heile tida.


Arbeid

- ★ At alle skal ha ein trygg og god jobb å gå til.**
- Gjere det enklare å starte eiga bedrift slik at det blir fleire arbeidsplassar.
 - Støtte dei som mistar jobben og treng hjelp til å finne ein ny.


Arbeid


- Raudt ønskjer heile og faste stillingar, og å avgrense deltid og mellombelse jobbar. Vi vil forby bemanningsbransjen.
- Raudt vil at fleire skal vere organiserte i fagforeiningar slik at dei kan påverke eigen arbeidssituasjon.
- Vi vil innføre 6 timars arbeidsdag slik at fleire kan jobbe og færre blir utslitne og utbrende.


Arbeiderpartiet
Arbeid

- ★ Arbeid til alle er jobb nummer éin – skape fleire jobbar.**
- Inkludere fleire i arbeidslivet og få fleire unge i jobb.
 - Eit tryggare og meir organisert arbeidsliv, kamp mot arbeidslivskriminalitet.


Arbeid

- Det må bli lettare å komme i arbeid, også for dei som ikkje kan ha ein full jobb. Alle må få bruke arbeidsevna si.
- Fleire må få nødvendig opplæring og hjelpe for å kunne komme i jobb, slik at dei kan tene eigne pengar.
- Alle som jobbar, skal ha ein trygg arbeidsplass. Vi vil styrke A-kirmsentera sånn at ingen blir utnytta av arbeidsgivarar.


KLIMA & MILJØ

HELSE

ARBEID

SKULE

KULTUR & FRITID

VERDEN

Skule

- Senterpartiet vil ha ein god skule, der du kan få lære og utvikle deg i ditt eige tempo.
- ★ **Senterpartiet meiner at skulen må bli meir praktisk, og ønskjer oss derfor MINDRE testing og MEIR læring.**
- Senterpartiet vil at skulen skal vere gratis for å gi alle eit godt skuletilbod.


Skule

- Vi vil at 1. klasse skal vere eit år med mest leik, slik at overgangen frå barnehage til skule ikkje blir for stor.
- KrF vil ha meir fysisk aktivitet i skulen, og fleire vaksne som kan vere der for barna når dei treng det.
- ★ **Vi vil ha ein mobbefri skule. Alle skal ha det bra på skulen og saman med klassekameratane sine.**


Skule

- Kvar elev skal ha lærarar med riktig utdanning i all undervisning.
- ★ **Elevane skal få velje meir sjølve, for eksempel nokre fag frå 5. klasse. Barn frå familiar med därleg råd må få gå gratis i barnehagen og på SFO eller AKS.**


Skule

- Vi vil at skulefritidsordninga skal vere gratis for alle barn i Noreg.
- Vi vil ha ein meir variert skuledag, slik at ein får meir tid til praktiske fag og uteundervisning.
- Vi vil at det skal vere større plass å leike på i friminutta og gratis skulemat, slik at ein lærer betre.


Skule

- Om ein er svolten, så er det vanskeleg å lære. Derfor vil vi ha gratis, sunn skulemat for alle.
- ★ **Det er viktig å ha tid til andre ting enn skule. Derfor vil vi ikkje ha heildagsskule eller fleire prøvar.**
- Bilar gir luftforureining og skummel skuleveg. Sykkelvegar må byggjast, og bilane må køyre mykje saktare forbi skulane!


Skule

- ★ **Alle elevar skal ha flinke lærarar med riktig og nok utdanning i faga dei underviser i.**
- Du skal få tilpassa opplæring og utfordringar basert på kor god du er i faga.
- Ingen skal bli mobba, og alle skal ha det fint på skulen.


Skule




- ★ **Raudt vil ha leksefri skule fordi vi meiner lekser er unødvendig, urettferdig og stel fritida til ungdommene.**
- Raudt ønskjer fleire lærarar per elev og færre nasjonale prøvar og standardiserte testar.
- Raudt vil at alle som går yrkesfag på vidaregåande, skal ha lovfesta rett til lærplinglass.


Arbeiderpartiet
Skule

- ★ **Ein meir praktisk skule, og fleire kvalifiserte lærarar med betre tid.**
- Vi vil ha eit fagarbeidarløft og innføre ein læreprasselsgaranti slik at unge kan komme raskt ut i jobb.
- Meir desentralisert utdanning. Fleire skal kunne ta utdanning nær der dei bur, og det bør utdannast fleire lærarar og sjukepleiarar.


Skule

- Ingen skal måtte byte skule fordi dei blir mobba, då er det heller mobbarane som må byte skule.
- Elevar skal sjølve få bestemme kva skule dei vil gå på, utan innblanding av politikarar.
- Vi vil at sidemål i skulen skal vere valfritt, og at du sjølv skal kunne bestemme om du vil ha det eller ikkje.


KLIMA & MILJØ

HELSE

ARBEID

SKULE

KULTUR & FRITID

VERDEN

Kultur og fritid

- Vi vil gjere prisen for å delta på kulturskulen lågare, og sørge for fleire plassar og eit betre tilbod.
- Senterpartiet vil sikre eit stort og inkluderande idrettsliv over heile landet.
- Vi ønskjer at så mange som mogleg skal vere fysisk aktive, samtidig som vi gir rom til dei som vil satse på idrett.


Kultur og fritid

- ★ Vi vil ha eit fritidskort slik at alle kan vere med på fritidsaktivitetar uavhengig av økonomien til dei vaksne.**
- Alle er vi forskjellige [e-en mangla], og alle har ulike interessefelt. Derfor vil KrF ha mange ulike kulturtildelar i heile landet.
 - Vi vil ikkje ha ein heildagsskule, fordi vi meiner at barn og unge sjølv må få gjere det dei sjølv vil på fritida si.


Kultur og fritid
VENSTRE

- Mange forskjellige aktivitetar der du bur. Alle skal ha høve til å drive med det dei brenn for.
- Kulturskulen og skulen bør samarbeide, slik at barn får betre moglegheit til å delta i kunst- og kulturtildelar.
- Fleire [Bruk stor forbokstav også i bokmål] møteplassar og støtte for dei som driv med dataspel og e-sport. E-sport bør også vere eit valfag.


Kultur og fritid

- Vi vil ha fleire plassar i kulturskulen, og det skal vere gratis å vere med.
- Vi vil gi alle barn og unge eit kort som gir billegare eller gratis tilgang på fritidsaktivitetar og kulturtildelar.
- Vi vil at alle kommunar skal ha fritidstilbod for barn og unge, der barn sjølv kan seie kva aktivitetar dei ønskjer.


Kultur og fritid

- Det skal vere enkelt for både barn og eldre å få oppleve kultur.
- Minoritar skal kunne møte og bruke sin eigen kultur og sitt eige språk.
- Det skal vere enkelt å lage film, dataspel, bøker og musikk i Noreg .


Kultur og fritid

- Barn og unge skal kunne delta i fritidsaktivitetar lokalt, uavhengig av kor mykje pengar foreldra tener.
- Dei som lagar kulturopplevingar, skal snakke med barn og unge, slik at unge får vere med og bestemme.
- Vi vil vere med på å utvikle dataspeling som sport i Noreg, der ein har stader å møtast og kan ha konkurransar.


Kultur og fritid




- Raudt vil lovfeste retten til fritidslagbar over heile landet.
- Raudt vil satse på breidddeidrett og bruke meir pengar på utbygging og vedlikehald av idrettsanlegg.
- Raudt vil ha billegare billettar til kulturarrangement for barn og unge.


Arbeiderpartiet
Kultur og fritid

- Jobbe for at fleire, særleg barn og unge, får høve til å delta i kulturtildelar.
- Ruste opp og byggje fleire idrettsanlegg, satse på fleire nærmiljø-anlegg og egenorganisert idrett.
- Det må vere så billeg som mogleg å delta i idrett. Alle skal kunne låne utstyr gratis.


Kultur og fritid

- Vi vil at frivillige lag skal betale mindre avgifter, og heller bruke pengane sine på aktivitetar for barn og unge.
- Vi vil at gaming skal kunne gjerast i e-sportklubbar, og trenere og konkurrere på same måten som andre idrettslag.
- Vi vil at barn og unge i fattige familiarar skal få hjelp, slik at dei kan vere med på kultur- og fritidsaktivitetar.


KLIMA & MILJØ

HELSE

ARBEID

SKULE

KULTUR & FRITID

VERDEN

Verden

- Senterpartiet seier NEI til EU og EØS, fordi vi vil at Noreg skal bestemme over seg sjølv.

★ Vi meiner at Noreg må ha et sterkt norsk forsvar som jobbar godt på land, i luft og på sjø.


Verden

★ Noreg må bruke pengar på å hjelpe fattige andre stader i verda. Dette kallar vi bistand, og KrF vil ha meir av det.

- Alle barn, uansett kvar dei bur, må ha moglegheit til å gå på skule! Vi vil støtte skuleprosjekt i fattige land.
- Koronakrisen har ramma mange fattige land endå hardare enn Noreg, og vi må derfor dele vaksinane våre med dei.


Verden
VENSTRE

- Gi meir pengar til klimabistand, altså til fattige land som treng støtte for å kutte utslepp.
- Ha felles reglar med andre land som gjer at menneske kan handle og reise så fritt som mogleg.
- Forby atomvåpen.


Verden

- SV vil at Noreg skal jobbe for at atomvåpen blir forbodne i heile verda.
- Vi vil at Noreg skal ta imot fleire flyktningar som lever med krig og terror.
- Vi vil at fattige land skal få tilgang på koronavaksinen.


Verden

- Noreg skal jobbe for fredelege løysningar mellom land. Sivile må beskyttast, og usemje må løysast tidleg.
- Vi må samarbeide med andre land for at jorda, naturen og dyr skal få det betre.
- Vi må vite meir om brotswerk mot barn i krig og kven som gjer det.


Verden

- Store problem løyser vi best saman. Derfor vil vi jobbe saman med andre land for felles politikk og løysingar.
- Vi vil samarbeide med andre land om å passe på kvarandre i tilfelle det blir krig eller nokon prøver å angripe oss.
- Vi vil hjelpe til med å skape jobbar, skular og teknologi slik at dei som bur i fattigare land kan greie seg sjølve.


Verden

- Raudt er imot krig, og vil ikkje at Noreg skal delta i angrepsskrig. Raudt vil melde Noreg ut av NATO.
- Raudt er imot norsk medlemskap i EU og vil seie opp EØS-avtalen til fordel for ein handelsavtale.
- Raudt vil ha ein solidarisk innvandringspolitikk, og vi vil betre rettane til asylsökjarar og menneske på flukt.


Verden
Arbeiderpartiet

- Samarbeide med andre land i organisasjonar som FN og NATO for å kjempe mot krig og terror.
- Bruke meir pengar på å hjelpe personar i nød, kjempe mot ulikskap i verda, og kutte utslepp.
- At Noreg leier an i det internasjonale klimaarbeidet og gjer klima til hovudprioritet i utanrikspolitikken.


Verden

- Vi vil hjelpe folk som flyktar frå krig og katastrofar, så fleire kan starte nye liv i nærområdet.
- Vi vil hjelpe barn i land med krig og fattigdom så dei ikkje blir utsette for vald, eller at dei blir gifta bort.
- Vi vil gjere det lettare for u-land å selje varer til Noreg, så dei kan tene pengar og byggje opp si eiga velferd.